

## **RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL LAG OG ORGANISASJONAR**

### Generelle vilkår:

1. Tilskot til lag og organisasjonar vert kunngjort ved oppslag, annonse i lokalavis og på kommunen si heimeside.
2. Lag og organisasjonar har ansvar for å få tak i søknadsskjema og søkja innan den utlyste fristen. Søknad vert å senda via søknadsportalen til Jondal kommune.  
<http://www.jondal.kommune.no> – klikk på sjølvbetjening. Kulturansvarleg kan eventuelt hjelpa til med utfylling av søknad på nett.
3. Denne type tilskot vert gitt til medlemsbaserte lag og organisasjonar som driv frivillig og / eller ikkje-kommersielt kulturarbeid i Jondal kommune
4. Laget og aktiviteten skal vera ope for alle interesserte. Det er eit vilkår for å få kommunalt tilskot at Følgjekort (gratis tilgjenge for naudsynt følgjeperson for funksjonshemma) vert akseptert ved kulturarrangement.

### Prioritering av tilskot:

Ved tildeling av midlar vert lag og organisasjonar prioritert i denne rekkefølge:

1. Lag og organisasjonar som driv arbeid eller aktivitet for barn og unge.
2. Lag og organisasjonar som driv arbeid eller aktivitet for vaksne.

### Ved fastsetjing av tilskot vert det vidare lagt vekt på:

1. Aktivitet:
  - tal på samlingar / tilskipingar ( aktivitetsnivå og tilbod )
2. Medlemsmasse:
  - kor mange som er med og korleis aktivitetane er organisert.
3. Økonomi :
  - lag og organisasjonar som har store utgifter til materiell / utstyr /drift. Utgifter til stipulert husleige kan takast med dei tilfelle aktiviteten føregår i lagshus.
  - det er ein føresetnad for tilskot at laget / medlemene sjølve gjer ein innsats for å skaffe pengar eller har ein medlemskontingent for sine medlemmer.
  - årsmelding og godkjent rekneskap skal følgja søknaden.
- 4 Særleg tiltak/investeringar:
  - for tiltak og /eller investeringar som går utover den vanlege drifta kan ein søkja særleg tilskot

## **RETNINGSLINER FOR DRIFTSTILSKOT TIL LAGSHUS**

### Generelle vilkår:

1. Driftstilskot vert kunngjort ved oppslag, annonse i lokalavis og på kommunen si heimeside.
2. Lag og organisasjonar har ansvar for å få tak i søknadsskjema og søkja innan den utlyste fristen. Søknad vert å senda via søknadsportalen til Jondal kommune: <http://www.jondal.kommune.no> – klikk på sjølvbetjening. Kulturansvarleg kan eventuelt hjelpa til med utfylling av søknad på nett.
3. Driftstilskot vert gitt til medlemsbaserte lag og organisasjonar som eig lagshus og som driv frivillig og / eller ikkje-kommersielt kulturarbeid i Jondal kommune
4. Lagshuset og aktiviteten skal vera ope for alle interesserte. Det er eit vilkår for å få kommunalt tilskot at Følgjekort (gratis tilgjenge for naudsynt følgjeperson for funksjonshemma) vert akseptert ved kulturarrangement.

### Prioritering av tilskot:

1. Bruk av lagshuset:
  - aktivitetsnivå
  - tilskipingar
2. Dugnadsinnsats:
  - vanleg vedlikehald
  - tilskipingar
  - fast og forpliktande deltaking blant medlemmer
3. Økonomi:
  - det vert lagt vekt på kapasitet og vilje til å skaffa eigenkapital
  - lagshus med store driftskostnader som følgje av stor aktivitet
  - revidert rekneskap skal følgja søknaden
4. Dokumenterte driftskostnader:
  - straum
  - forsikring
  - vanleg vedlikehald
  - anna
5. Særlege tiltak/ investeringar /byggjetilskot
  - Ved særskilt behov for vedlikehald / reoperasjonar kan det søkjast om ekstra tilskot. Det skal då leggjast ved eige **kostnadsoverslag og finansieringsplan** for dette, samt opplysningar om kva arbeid som skal gjerast. Dette gjeld og byggjetilskot i høve modernisering eller bygging for å heve standard/nye krav.